



Prosjektstyring Vest AS
Arne Kristiansen
Postboks 66
5318 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10001 - 22/87337

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
o

Dato:
16.11.2022

Tilbakemelding om foreløpig plan for forebyggande tiltak ved grunnarbeid - gbnr 322/281 Mjåtveit

Tiltak: Mobilt knuseverk
Byggjestad: Gbnr 322/218 Mjåtveit næringspark
Tiltakshavar: Mjåtveit Næringspark AS
Ansvarleg søkjar: Prosjektstyring Vest AS

Tilbakemelding på plan for oppstart

Miljø og tilsynsavdelinga legg til grunn at vurderingane som er gjort av Rådgivende Biologer vil ivareta dei hensyn som må takast i forhold til vern av Mjåtveitelva. Sjølv om ikkje fangdammane ser ut til å være utarbeida i tråd med løyve og planbestemmelsar har kommunen fått rapport om at skissert løysing er tilfredsstillande. Kommunen tek atterhald om å komme med nye krav om utbedring dersom skissert løysing ikkje fungerer etter planen.

Vi har ingen innvendingar til skisserte tiltak og oppstartsplan for ferdigstilling av grunnarbeid. Det bør imidlertid inntil vidare takast vannprøver 2 ganger i veka både nedanfor fangdam 2 og den store fangdammen. Dette fram til all avrenning frå næringsparken leder til fangdam 1.

Før vi kan oppheve stoppordren må etter vårt syn følgjande på plass:

- Tiltaksplan for utbedringer og vedlikehold etter at grunnarbeid er ferdigstilt. Rådgivende Biologer anbefaler slamsuging av dei to første dammene etter ferdigstilt grunnarbeid. Dette bør med som eit av tiltaka de vil gjennomføre. Vi meiner også at det bør gjennomførast ei ny synfaring etter at grunnarbeidet er avslutta der det blir vurdert om det er naudsynt med fleire tiltak for å sikre fangdammane sin funksjon for framtida.
- Innsending av prosjektert løysing med beskrivelse for avskjæringsgrøft, dreneringsrør og plastring.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Prosjektstyring Vest AS

Postboks 66

5318

STRUSSHAMN